

**Festidalen - SEMINAR**  
TORS DAG 1.8-LAUR DAG 3.8

**Torsdag : Føredragskro**  
Gamleskulen, Uskedalen kl. 17-19.

**Erlend Hellingsrud:**  
Året rundt i Kvinnheradfjella.  
Fotoforedrag.

**Morten Nilsen:**  
Himalaya- verdas tak.

**Fredag: Næringsseminar**  
Uskedalen Aktivitetshus, kl 14-17

Sponsorar: DNB, Schat Holding, Noreq og Kvinnherad Fjell og vassdrag i samarbeid med Festidalen II.

**Næringsseminar  
Festidalen**  
Kultur, næring, verdiskaping

Tid: Fredag 2. august kl. 14-17  
Stad: Uskedalen Aktivitetshus, ved skulen  
Inngang: 300,-

**Program:**  
kl 1400 Opning.  
kl 1415 Ketil Hvindenbråthen, produsent StartupFestivalen.  
Om samarbeid kultur- og næring.  
kl 1515 Pause  
kl 1530 Stykk Bekkenes. Vegen hit og vidare.  
Om lagjensic, innovasjon og merkevare/teleg.  
kl 1600 Kjetil André Aamvold. Korles nå sitti potensiale?  
Om prestasjonskultur, lagbygging og ivring.  
kl 1650 Anslutning  
kl 1800 Førefest med Arne Tørgel for sponsorgjestane i  
Dorhaugstøven

Sel av drikk.

DNB | Kvinnheradregionen | SCHAT HOLDING | NOREQ

**Laurdag: Føredragskro**  
Gamleskulen, Uskedalen kl. 13-16

**Dag Helland, professor i biologi:**  
Bruk og misbruk av forskning.  
Vitskapsteori for dummies.

**Jørn Øyrehagen Sunde:**  
Demokratisk apokalypse 2013.  
Om rettsleggjeringa i samfunnet.

**Jon Severud/Arne Klyve:**  
Ordbok for underklassen.  
Om maktspråk og tåkelegging.

**Pris torsdag/laurdag:**  
Gratis ved festivalpass  
eller dagspass laurdag.  
Eller kr 100,-

Sal av øl, vin og mineralvatn.  
**Mateleiar: Sveinung Pile**

Festidalen har fått eit svært imponerende knippe underholdande og kunnskapsrike karar til føredragskroa i Gamleskulen frå klokka 17 til 19 torsdag og frå 13 til 16 laurdag. Det understrekar leiaren for denne bolken, Festidalen-pioner Sveinung Pile.

Men det same gjeld for næringsseminaret som avviklast fredag frå klokka 14.i Aktivitetshuset og varar til 17.

**KLIKK PÅ PLAKATEN OVER ELLER GÅ INN PÅ LINKEN TIL FESTIDALEN TIL VENSTRE FOR MEIR INFORMASJON MELLOM ANNA OM PÅMELDING**



Morten Nilsen høgt over havet

Under næringsseminaret får ein treffa Kjetil Andre Aamodt, Styrk Bekkenes og Ketil Hvindenbråthen. Kjetils bravader på alpinski er vel kjende og Styrk er ein lokal gründar i superklassen som nyleg har fått enda meir ansvar.



Lokal professor: Jørn Øyrehagen Sunde

Men kven er så Ketil Hvindenbråthen? Han er norske konsertarrangørars foretrukne ekspert på leiing og organisasjonsutvikling. Ketil er til og med født på rett side av Mjøsa og jobbar med utvikling og begeistring - både med einskilde og grupper.

Dette er to av dei sentrale spørsmål han truleg har svaret på:

Korleis jobbar superstjernene for å få suksess?

Kva er samanhengen mellom sjølvkjensle og sjølvtilitt?





Lokal professor: Dag Helland

Første del av føredragskroa vert avvikla torsdag kveld og då er det to tøffingar som skal i elden: Erlend Hellingsrud og Morten Nilsen. har mange krevjande naturopplevingar bak seg. Erlend har teke utallige spektakulære bilete rundt om i kommunen og Morten fann større utfordringar i Himalaya enn her heime. Ama Dablam 6812 meter over havet er draumefjellet hans.

Under andre del av føredragskroa er ein noko annleis trio i aksjon.

2 av dei 3 er professorar og begge er sterkt knytta til Uskedalen:

Dag Helland og Jørn Øyrehagen Sunde.

Dag tek for seg bruk og misbruk av forskning og streifar innom dagsaktuelle tema.

Jørn spør kva demokrati ein skal ha etterat utopiane forsvann.



I denne krogruppa finn ein også parhestane Jon Severud og Arne Klyve, som har gjeve ut ei mykje omtala ordbok for underklassen. Dei som har fått nok av svada og intetsigande nyord bør høyra dette forredraget.

Det er ikkje dyrt å gå på føredragskro.  
Det kostar berre ein hundrelapp for dei utan festivalpass!



Erlend Ellingsrud i det blaute element

Av Ola Matti Mathisen



[Styrk Bekkenes - lokal gründer med suksess](#)